



Tingvoll kommune

Økokommunen –
bedre løsninger for mennesker og miljø

Arkiv: 002
Arkivsaksnr: 2014/639-12
Saksbehandler: Olaug Haugen

Saksfremlegg

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Formannskapet	4/2015	20.01.2015
Kommunestyret	1/2015	12.02.2015

Framdriftsplan for arbeidet med kommunereforma.

Saksopplysninger

Formannskapet vedtok i møte i desember 2014 ein framdriftsplan for arbeidet med kommunereform. I denne saka legg vi fram ei ytterlegare konkretisering av kva saker og problemstillingar som vi foreslår kjem opp til drøfting i ulike formannskap og kommunestyre våren 2015. I tillegg presenterer vi i denne saka eit forslag til informasjonsstrategi. Rådmannen har sett ned ei arbeidsgruppe som skal koordinere arbeidet med kommunereforma, og støtte ordføraren i arbeidet. Arbeidsgruppa består av ordførar, ass.rådmann, rådmann, konsulent i sørviskontoret og hovedtillitsvalgt for Delta. I dialog med ordførar har administrasjonen konkretisert følgjande saksbehandling våren 2015

FS 20.1	KS 12.2	FS 3.3	Folke - møte	FS 24.3	FS 21.4	KS 7.5	
Framdrift -plan	Open Space	Tema for folkemøte		Innhold i innbygger under-søkelse	Vurdere mest aktuelle samanlång s-kommunar	Beslutte mest aktuelle samanlång s-kommunar	
Info-strategi	Mulige samanslåing s-kommunar for Tingvoll	Drøfte avgrensing i samanslåing s-kommunar		Dialog med næringsliv ungdomsråd, eldreråd	Vurdere om vi skal ha folke-røysting	Beslutte om vi skal ha folke-røysting	
		Vurdering av oppgaver og organisering i den nye kommunen .					

--	--	--	--	--	--	--	--

I tillegg til sakene som skal til politisk behandling er følgjande moment i kommunereforma viktig:

Ordfører og rådmann besøker aktuelle nabokommunar sin politiske og administrative ledelse i perioden januar – april.

Det er nødvendig å sikre samtidighet i den politiske dialogen mellom dei aktuelle samanslåingskommunane. Hensikten er å undersøke og formidle status i arbeidet med kommunereforma, interesse for evt. samanslåing, koordinere evt. aktiviteter og behandling av saker. Etterkvar som det vert meir tydeleg kva kommunar som er aktuelle for samanslåing med Tingvoll kan det vera naturleg at det vert halde felles formannskapsmøte mellom desse kommunane for å skape brei politisk forankring og drøfting av viktige saker.

Koordinering av kommunereformaktivitet med Orkide.

Orkide har tilsett ein person som skal arbeide på full tid med kommunereforma i to år. Samspeilet med Orkide er for å vera informert og koordinert i regionen og at Orkide kan foreta utredningar som kvar enkelt kommune ikkje har kapasitet til. Dette kan gjelde eksempelvis utredning av mulige framtidige organisasjons- og styringsmodellar i den nye kommunen.

Forankring hos innbyggjarane.

Som vist i framdriftsplanen legg vi opp til folkemøter, dialog med næringsliv, ungdomsråd og eldreråd, innbyggerundersøkelse og drøfting av evt. folkerøysting. I denne saka presenterer vi også ein informasjonsstrategi.

Forankring hos leiarar og hovedtillitsvalgte.

Hovedtillitsvalgte har oppnemnt ein person som skal delta i arbeid med kommunereforma, og den sit i den administrative arbeidsgruppa. Hovedtillitsvalgt er også representert i byregionprogrammet. Kommunereform vi vera på dagsorden på rådmannens kvartalsvise møter med hovedtillitsvalgte. Forøvrig vil rådmannen sikre at kommunereforma er på dagsorden i ledermøta i kommunen, og i avdelingar i kommunen som er særskilt berørt bl.a. knytta til grønn klynge/ grønne fag til Tingvoll.

Forslag til informasjonsstrategi.

I dialog med ordføraren har vi kome fram til følgjande innspel til informasjonsstrategi. Informasjonsstrategi treng vi særleg for å nå målgrupper som ikkje er ein del av den ordinære saksbehandlinga og kommunikasjonslinjer i kommuneorganisasjonen. Derfor meiner vi at målgruppa for den ekstra informasjon vi vil gje ut er alle innbyggjarane i Tingvoll. Får å vera sikker på at vi når ut til alle husstander foreslår vi å nytta følgjande tiltak:

1. Eikebladet – fysisk og på heimesidene til Tingvoll kommune

Utgje fire nummer av Eikebladet fram til sommaren 2016. Vi foreslår at Eikebladet har kommunereform med ulike deltema som hovedprofil, men at Tingvoll kommune samstundes informerer om aktuelle aktiviteter i tenester og lokalsamfunns som pågår i denne perioden. Vi foreslår at vi nyttar delar av dei 200 000 vi får frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til å dekke kostnadane, og at vi leiger eit firma som tek seg av ein profesjonell produksjon. Ein bør vurdere å sette ned ein redaksjonskomite.

Aktuelle gjennomgåande tema kan vera :

- Nasjonal politikk sine rammer for reforma
- Framdriftsplan til Tingvoll kommunes arbeid – god oppdatering av kvar Tingvoll er i prosessen med kommunereforma.
- Status for kommunereforma på Nordmøre

Aktuelle deltema kan vera:

- Konsekvensar av kommunereforma for kommunens tenester
- Konsekvenser av kommunereforma for folkestyre, innverknad, bosetting- og samfunnsutvikling i Tingvoll
- Regional arbeidsdeling – grønn klynge til Tingvoll
- Ulike organisasjonsformer i ein storkommune
- Kven vel Tingvoll å slå seg saman med – strategiar i kommuneplanen, og alliansar i regionen. Kva er konsekvensen av å vera eigen kommune i framtida ?

2. Dialog med ungdom

I kommuneplanen har Tingvoll kommune innsatsområde ” Å vera ein foretrekt kommune for ungdom”. I framdriftsplanen har vi sett inn ein direkte dialog mellom formannskapet og ungdomsrådet 24 mars. I tillegg forslår vi å laga ein presentasjon og invitasjon til drøfting på ungdomsskolane i Tingvoll og på Tingvoll vidaregåande skole i løpet av 2015. Politisk og administrativ ledelse vil invitere til å holde presentasjonar og innledningar på skolane. Vi bør vurdere å lage ein ungdomsundersøkelse eks. questback om tema som er viktige for ungdom i kommunereforma. Ungdområdet bør ha ein sentral rolle i utforming av spørsmål/ problemstillingar.

3. Dialog med andre målgrupper

I framdriftsplanen til formannskapet er det sett opp dialog mellom formannskapet og næringslivsrepresentantar og eldrerådet den 24.3.

4. Tidshorisont

Formannskapet bør ein gang i halvåret ha informasjonsstrategi til drøfting for å sjå om ein treng å supplere med nye tiltak undervegs fram til sommaren 2016. Denne framlagte saka avgrensar seg i tid fram til sommaren 2016.

Når kommunestyret har fatta vedtak sommaren 2016 om kven ein evt. sler seg saman med vil dette leggja føringar for Fylkesmannen i Møre og Romsdal si vurdering til Kommunal- og moderniseringsdepartementet hausten 2016. Etter Stortinget sitt vedtak i 2017 vil det vera eit stort informasjonsbehov til våre innbyggjarar om forhandlingar som skaper den nye . kommuneorganisasjonen

Vurdering

Økokommunevurdering:

Dersom innstillingen vedtas, vil denne saken ha

positiv
nøytral
negativ

<input type="checkbox"/>
<input checked="" type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>

Evt. merknader:

effekt på kommunens arbeid som økokommune.

Rådmannens innstilling

Formannskapet vedtar framlagte saksframlegg som konkretisering av framdriftsplan for kommunereform i Tingvoll våren 2015, og informasjonsstrategi fram til sommaren 2016.

Behandling i Formannskapet - 20.01.2015

Det ble stemt over innstillingen som ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Formannskapet vedtar framlagte saksframlegg som konkretisering av framdriftsplan for kommunereform i Tingvoll våren 2015, og informasjonsstrategi fram til sommaren 2016.

Behandling i Kommunestyret - 12.02.2015

Vedtak: